

| | |
|-------------------|----------------|
| LEIKANGER KOMMUNE | |
| L.nr. 1467/11 | Behandl. JN |
| 06 APR 2011 | |
| Ark kode P | 031 A20 |
| Ark kode S | |
| År/saknr. 10/667 | Dok.nr. 12 |
| Kassasjon | |

Oppfølging av RO-rapporten om skulane i Leikanger

Sluttrapport frå arbeidsgruppe oppnemnd av formannskapet

Leikanger 18.03.2011

Innhold:

| | Tema | Side |
|----------|--|-------------|
| 1 | Samandrag og konklusjon | |
| 2 | Bakgrunn | |
| 3 | Avgrensing | |
| 4 | Gjennomgang av dei ulike områda | |
| 4.1 | Strategisk plan for oppvekstsektoren i Leikanger kommune | |
| 4.2 | Felles administrasjon for skulane i Leikanger kommune | |
| 4.3 | Kultur for samarbeid mellom skulane | |
| 4.4 | Flytting av årssteg mellom skulane | |
| 4.5 | Ressurstilgangen til skulane og grad av utnytting | |
| 4.6 | Arbeidsfordeling mellom skulane og administrasjonen | |
| | Osv | |
| 5 | Dokumentliste | |

1 Samandrag

Som oppfølging av Rapport frå Ressurscenter for omstilling i kommunane om Leikangerskulen frå april 2010, har formannskapet oppnemnd ei arbeidsgruppe for å vurdere nærare dei tiltaka som er drøfta i kapittel 7 og 8 i rapporten, og koma med tilråding om konkrete tiltak på dei nemnde områda.

Arbeidsgruppa kom i sitt arbeid til at det var vanskeleg å konkludere på alle punkt utan at det i forkant var utarbeidd og vedteke ei skulepolitisk plattform, eller ein strategisk plan for oppvekstsektoren i kommunen. Arbeidsgruppa har difor avgrensa rapporten til å omfatte dei punkta gruppa meiner det er råd å konkludere på uavhengig av ein slik plan. Dei resterande områda må ein koma attende til seinare.

- Det bør utarbeidast ein strategisk plan for oppvekstsektoren i kommunen. Planen bør omfatte både barnehage og skule. Arbeidet med denne planen må tydeleg forankrast politisk. Arbeidsgruppa har i rapporten kome med framlegg om tema planen bør omhandle.

Planen må syne skuleeigar sine visjonar, mål og strategiar for utvikling av skulane og barnehagane i kommunen. Prosessen vil gje skuleeigar auka kjennskap til innhaldet i skulen og barnehagane.

Ein må vere samstemd og klar på kva ein vil oppnå, og setje inn tiltak og ressursar som støttar opp om dette.

Planen må og legge til rette for at foreldra bidreg aktivt til barna si læring og utvikling.

Ein plan for eit heilskapeleg og gjennomgåande læringsløp frå barnehage og ut 10. klasse vil forplikte skulane og barnehagane på eit meir felles løp samtidig som det vil gje skuleeigar eit styringsinstrument for å nå måla.

Eit fleirtal i arbeidsgruppa meiner at det ikkje vil vera rett å flytte 7. klassesteg til ungdomsskulen når det er tilstrekkeleg plass ved barneskulen. Ei flytting no vil ut få fleirtalet sitt syn ikkje vera den beste starten på ein samarbeidsprosess.

Arbeidsgruppa er sterkt opptekne av at det vert sett i verk tiltak som held oppe eit godt og stabilt fagmiljø i Leikangerskulen.

- Arbeidsgruppa tilrår ein modell for fordeling av ressursar skulane imellom med utgangspunkt i elevtal og eit sett indikatorar som i varetek særlege tilhøve ved den enkelte skulen.
- Arbeidsgruppa har drøfta ulike modellar for felles leiing av skulane og oppgåvefordeling mellom skulane og sentraladministrasjonen. Gruppa sin konklusjon

er at ein ventar med å ta ei avgjerd i desse spørsmåla til ein har fått på plass ei skulepolitisk plattform med klare visjonar og standardar.

- Arbeidsgruppa har drøfta ulike spørsmål omkring kultur for samarbeid mellom skulane. Gruppa er sterkt oppteken av at det vert sett trykk på å vidareutvikle samarbeidet mellom skulane, og at dette ikkje må vente til andre tiltak er på plass.

2 Bakgrunn

- a) RO-rapporten frå april 2010 handsama av kommunestyret 17.06.10 - sjå vedlegg 1
- b) Oppnemning av arbeidsgruppe
Formannskapet vedtok i møte 27.10.10 å oppnemne ei arbeidsgruppe med mandat å vurdere nærare dei tiltaka som er drøfta i kapittel 7 og 8 i sluttrapporten frå RO-senteret, og koma med tilråding om konkrete tiltak på dei nemnde områda.

Samansetjing av arbeidsgruppa:

Steinar Fredheim - representant frå formannskapet
Aase Vagstad – foreldrerepresentant frå ungdomsskulen
Endre Høgalmen – foreldrerepresentant frå barneskulen
Siri Johanne Moe Henjum – hovudtillitsvald Utdanningsforbundet
Målfrid Sværen – rektor barneskulen
Ingunn-Marie Myren – rektor ungdomsskulen
Gunnar Steine - oppvekst- og omsorgssjef
Jorunn Nytingnes – pedagogisk konsulent (sekr.)

3 Avgrensing:

Oppdraget frå formannskapet var at arbeidsgruppa skulle vurdere tiltaka som var drøfta i kapittel 7 og 8 i sluttrapporten frå RO-senteret, og koma med tilråding om konkrete tiltak på dei nemnde områda.

Områda er slik definerte:

1. Skulepolitisk plattform – strategisk plan for oppvekstsektoren
2. Flytting av årssteg mellom skulane
3. Ressurstilgang til skulane og grad av utnytting
4. Kultur for samarbeid mellom skulane
5. Felles administrasjon ved barneskulen og ungdomsskulen
6. Oppgåvefordeling mellom skulane og sentraladministrasjonen

I sitt arbeid kom arbeidsgruppa fram til at det var vanskeleg å konkludere endeleg på fleire av punkta i oppdraget før kommunen hadde utarbeidd og vedteke ein strategisk plan for oppvekstsektoren for Leikanger. Ein slik plan bør omfatte både barnehage- og skuleområdet for å få ein samordna plan for heile oppvekstområdet.

Arbeidsgruppa meiner at dette arbeidet må tydeleg forankrast politisk gjennom eit oppstartsseminar i kommunestyret og deretter arbeidast fram av ei ny gruppe med brei politisk deltaking.

Kommunestyret kan gjennom arbeidet med ein slik plan invitere til ei felles satsing på oppvekstsektoren som styrkjer Leikanger sitt omdømme som ein god bu- og oppvekstkommune.

Noverande arbeidsgruppe har tankar om kva tema som bør takast inn i ein slik plan, og har skissert dette seinare i rapporten.

Med dette som utgangspunkt har arbeidsgruppa drøfta dei andre problemstillingane i oppdraget, og i større eller mindre grad konkludert her.

4 Gjennomgang av dei ulike områda

4.1 Strategisk plan for oppvekstsektoren i Leikanger kommune

Kort omtale av saksområdet

RO -rapporten konkluderer med at det er svært mykje bra i skulane i Leikanger, men at dei får inntrykk av at det er to skular med ulik kultur i kommunen. Når det gjeld samarbeid og samhandling synest det å vere eit ønskje frå skulane at dette skal bli betre både i omfang og innhald, men at det manglar ei plattform for dei pedagogiske dialogane. I møte med skulane vert det fort fokus på kva ein ikkje har, og mindre på kva ein kan få til i fellesskap.

Ei skulepolitisk plattform med felles visjonar og med felles standardkrav til kvalitet, vil etter RO-senteret si meining, i større grad gje ein skule i Leikanger.

Drøfting – vurdering – tiltak

Slik det har vore til no har skulane utarbeidd utviklingsplanar ut frå ut frå sentrale føringar, ut frå administrative føringar og ut frå eigne ønskje og behov. Planane vert så lagde fram for kommunestyret som vedtar dei. Planane har etter kvart blitt meir samordna med felles utviklingsområde for skulane og barnehagane, men det ligg få eller ingen politiske føringar på kva slags skule vi skal ha i Leikanger i kommunale strategidokument, bortsett frå det som ligg i tekstdelen til kommuneplanen.

Med ein skulepolitisk plattform vil ein starte i den andre enden der politikarane gjev klare føringar og set standardar, og så må skulane og barnehagane lage planar for gjennomføring og måloppnåing.

Formålet med ein slik plan må vere å vise kva ein vil med Leikangerskulen, kva val og verdiar som skal ligge i botnen og å få ei felles forståing av måla.

Til arbeidet i gruppa er det henta inn 4 ulike planar frå:

- Sogndal kommune
- Bremanger kommune
- Selje kommune
- Åmot kommune

Døme på tema som ein slik plan kan innehalde er:

- eit godt psykisk og fysisk læringsmiljø
- god elevmedverknad
- eit foreldresamarbeid der foreldre og skule er likeverdige partar og foreldra vert brukte som ein ressurs
- tilpassa undervisning som møter elevane der dei er og legg vekt på å utnytte dei sterke sidene så vel som å utvikle dei svake
- tidleg intervensjon, læringsmiljø og tverrfagleg samarbeid som førebyggjer drop out i vidaregåande skule
- sterkt fokus på basisdugleikane
- rom for utviklingsarbeid som t.d internasjonalisering, entreprenørskap, digitale verktøy m.m.
- fokus på resultat – i landstoppen
- robuste fagmiljø og oppdatert kompetanse
- mål om meir fleksibel ressursbruk m.a. utveksling av lærarkrefter
- bygge ein samarbeidskultur der skulane dreg veksling på kvarandre sine sterke sider og som gjer at Leikangerskulen framstår som eitt samanhengande læringsløp frå barnehagen til ut 10. klasse

4.2 Flytting av årssteg mellom skulane

Kort omtale av saksområdet

RO- rapporten uttrykkjer at dersom ein ser skulane i Leikanger under eitt, vil det vere sjølvstøtt å utnytte romkapasiteten ved den skulen som til ei kvar tid har plass. Dersom ein vel å ha to skular, føreset det at elevane og lærarane vert underlagt leiging der dei fysisk har undervisningsromma.

Rapporten peikar på ulike løysingar der ein i noko grad trekkjer inn vinsten ved lærarsamarbeid og gjennomgåande planar, men understrekar at det mest avgjerande i slike situasjonar er dei vaksne sine haldningar til kva som skal skje og korleis det skal skje.

Spørsmål om flytting av årssteg mellom skulane kom konkret opp ut frå gjentakne diskusjonar om plassproblem ved barneskulen , og ut frå bekymring omkring fagmiljøet ved ein ungdomsskule som føler dei er i ferd med å verte for små.

Drøfting – vurdering – tiltak

I samband med arbeidet i gruppa har rektorane ved barneskulen og ungdomsskulen har lagt fram romplanar som syner korleis dei kan løse plassutfordringane for elevane i henholdsvis 6 år og 2 år. Barneskulen har i ein periode fyrst og fremst bruk for fleire grupperom, men kan løse dette ved å bygge om sløydlager i første etasje i tillegg til at dei har fått eitt nytt no.

Når det gjeld personalet ligg det føre ein tilsynsrapport med varsel om pålegg frå arbeidstilsynet. Skulen har frist til 1. mars med å utarbeide ein tiltaksplan.

Rektor har fått munnleg tilbakemelding på at arbeidstilsynet vil godta skulen sin framlagde plan i høve til lærararbeidsplassar.

Ungdomsskulen kan ta imot eitt klassesteg ekstra dei fyrste åra, men vil få utfordringar når den store klassen kjem ned. (ved ei eventuell flytting av 7. klassesteg kjem denne utfordringa frå hausten 2013)

Ungdomsskulen er og bekymra for at fagmiljøet deira vert for sårbart med berre 3 klasser og litt over sytti elevar. Det vert for få faglærarar, problem dersom nokon vert sjuk eller er borte, og for få til å dele fellesoppgåver på.

Det er i samband med arbeidet i gruppa henta inn vurderingar frå skulane i Sogndal som har erfaringar frå deling av mellomtrinnet mellom to skular. Rektorane peika på ulike sider og utfordringar, men samla sett kjem det ut på plussida. Ungdomsskulen noko meir positiv enn barneskulen. Også dei understrekar at eitt av suksesskriteria i ein slik prosess er respekt og likeverdighet.

Gjennom prosessen i gruppa har ein drøfta ein del utfordringar :

- Deler klassar/årssteg der det ikkje er eit naturleg skille i læreplanane. Dette vil kreve større grad av planmessig og fagleg samarbeid.
- Elevane kan verte "tidlegare vaksne" ved å kome i eit ungdomsskulemiljø
- Barneskulen misser ein del samarbeid mellom klassestega som har vore svært positiv
- Lokalisering av kulturskulen
- Å styrke eitt miljø/fagmiljø kan fort forringe eit anna
- Det mellomsteget som vert att, vert lite
- Om flytting skal vere permanent eller mellombels

Personalmessige utfordringar som har vore nemnde:

- Samarbeids- og planleggingstida vil vere den store utfordringa
- Barneskulen får færre å dele fellesoppgåvene på
- Lærarane høyrer ikkje heilt til nokon stad -

Ungdomsskulen ser det som utfordrande og positivt å prøve ut ei slik ordning.

- Eit viktig argument er å få eit større elev og lærarmiljø
- Det vil vere fleire å dele på oppgåvene og skulen får auka fagkompetanse
- Rullering av lærarar mellom skulane kan gje kompetanseheving i miljøet
- Overgangane kan bli betre

For barneskulen kan det vere positivt med meir plass

Det må vere eit mål ved ei slik ordning at den utløyser minst muleg pendling. Dei lærarane som føl 7. klasse må som ein følgje av dette få oppfylt stillinga si på ungdomssteg.

Det er og i denne sammenhengen verdt å merke seg det rektorane i Sogndal understreka – at ved ei slik løysing har ein ikkje lenger ein ungdomsskule, men ein 7 – 10 skule – noko som må gjenspegle seg på fleire område.

Arbeidsgruppa sin konklusjon

Arbeidsgruppa er delt i spørsmålet om flytting av 7.klassesteget til ungdomsskulen. Fleirtalet gjekk inn for at dei skal bli verande på barneskulen ut frå at det er plass til dei der, - og fordi ei flytting truleg ikkje vil vere ein god start på ein samarbeidsprosess.

Mindretalet gjekk inn for flytting til ungdomsskulen ut frå at det vil styrke fagmiljøet på ungdomsskulen, at overgangen mellom dei to skulane kan bli betre og at ein kan få betre kjennskap til kvarandre gjennom rullering av personale.

Arbeidsgruppa er oppteken av at det vert sett i verk tiltak som held oppe eit godt og stabilt fagmiljø i Leikangerskulen.

4.3 Ressurstilgangen til skulane og grad av utnytting.

Kort omtale av saksområdet:

Administrasjonen starta i 2009 eit arbeid med å utvikla ulike modellar for ressursfordeling mellom skulane. Modellane har vorte vidareutvikla og i budsjettarbeidet for 2011 la ein i hovudsak til grunn ein såkalla elevbasert modell. Modellen går i korte trekk ut på at ein trekkjer ut ressursar til store spesialpedagogiske tiltak, ressursar til seniortiltak og til tillitsvald-apparatet av ramma før ein fordeler ressursane etter tal elevar - der ein ungdomsskuleelev tel 133 % av ein barneskuleelev.

RO-senteret peikar på er det viktig at ein slik modell ikkje berre vert ei teknisk sak, men at vektinga av kriteria gir auka forståing for kva skulane sitt driftsansvar i praksis inneber. Ein må difor sjå vidare sjå på korleis ein kan få ein profil som gjenspeglar nasjonale føringar og lokale politiske prioriteringar, der ein mellom anna vektlegg tidleg innsats for å få ned tal einskildvedtak i høve til spesialundervisning og i høve til å motverke "drop out" i vidaregåande skule.

Drøfting – vurdering – tiltak :

Til grunn for budsjettarbeidet for skulane ligg den generelle budsjettprosessen for kommunen sitt samla budsjett. Kommunen har rammebudsjettering for dei einskilde ansvarsområda. Dette inneber at tenesteområda må planleggja si drift innanfor den til ei kvar tid tildelte ramme.

For område med vesentlege endringar frå år til år, vert det viktig å justere ramma i takt med dette. Dette må så langt råd er, skje i samband med rammesaka kommunestyret handsamar i juni månad kvart år.

Ved førebuing av rammesaka må ein fanga opp dei endringane som ein ser vil koma. For skulane kan dette til dømes vera endra elevtal, endra tal elevar med særskilde behov (full dekning) og nye satsingsområde frå Regjeringa. Til liks med andre lovpålagde tenesteområde i kommunen, må budsjettammene som eit minimum sikra

oppfølging av alle lovkrav. Ut over dette bør det i størst mogeleg grad vera samsvar mellom lokale målsetjingar/prioriteringar og dei midlane som vert stilt til rådvelde.

Arbeidsgruppa har vurdert modellen som vart nytta for budsjettåret 2011 og gjort framlegg om nokre justeringar.

Arbeidsgruppa sin konklusjon:

Ramma til grunnskulen må som eit minimum sikra oppfølging av alle lovkrav / minstestandard og leggja grunnlag for ei mest mogeleg rasjonell drift ved kvar av skulane. Utover dette må det vera samsvar mellom ramma og dei målsetjingane som til ei kvar tid vert vedteke for skulane. Den samla ramma må til slutt avstemmast i høve til dette.

Ved fordeling av den tildelte budsjettamma mellom skulane vert vedlagde reknemodell nytta som eit utgangspunkt.

Modellen byggjer på fylgjande hovudprinsipp:

Utgifter til:

- tiltak for elevar med full dekning
- seniortiltak for tilsette
- ressurs til tillitsvald
- ressurs avsett til tiltak som måtte koma til gjennom året (reserve)
- forsterka opplæring i norsk og matematikk i småskulen
- evt. andre forhold som t.d framandspråklege elevar utanom flyktningar vert trekt ut av ramma til skulane, ansvar 12411 og 12412, før vidare fordeling.

Deretter vert midlane fordelt mellom skulane etter tal elevar, korrigert med ein faktor for tida 1,33/1,00 mellom ungdomsskulen og barneskulen.

Dersom skulane har vesentlege lønsutgifter i samband med busetjing av flyktningar, vert skulane tildelt særskilt tilskot frå kommunen sitt integreringstilskot.

4.4 Kultur for samarbeid mellom skulane

Kort omtale av saksområdet

RO-rapporten gjentek gong etter gong at det er i eit ønskje frå begge skulane om betre samarbeid mellom barneskulen og ungdomsskulen, samtidig som den slår fast at dette samarbeidet pr. i dag i liten grad er til stades. Dette gjeld innafør fag, pedagogiske drøftingar og vurderingar, samanheng i læringsløpet, pedagogisk bruk av IKT, vurdering m.m.

Drøfting – vurdering – tiltak

Skulane meiner at dei også i dag har ein rimeleg grad av samarbeid, men at dette kan utviklast både i omfang og innhald.

- ein må i større grad prioritere bruk av fellestid til faglege og pedagogiske fellesoppgåver
- treng ikkje å vere heile kollegiet, men kanskje færre som møtest oftare på sine

- fagområde og gjer ting i lag
- utveksle erfaringar på område der den eine skulen er god
 - fellesarrangement /sosiale arrangement /studieturar med deltakarar frå begge skulane

Arbeidsgruppa sin konklusjon

Arbeidsgruppa har ingen konklusjon på dette punktet no, men gruppa er sterkt oppteken av at det vert sett trykk på å vidareutvikle samarbeidet mellom skulane, og at dette ikkje må vente til andre tiltak er på plass.

4.5 Felles administrasjon

Kort omtale av saksområdet

RO-senteret har i sin sluttrapport rådd til at det bør utviklast felles administrasjon for dei 2 skulane i Leikanger. Dette på trass av dei utfordringane som ligg i ein avstand på 3 km mellom skulane.

Det heiter vidare i rapporten: *Gevinsten med felles leiing er fleksibilitet i ressursbruk og eit heilskapleg og gjennomgåande læringsløp frå 1. til 10. klasse i grunnskulen. Meir bruk av kvarandre sin kompetanse er og eit viktig moment for elevane sitt læringsmiljø.*

Det vart utarbeidd 2 ulike alternativ, der dei meinte at alternativ 2 vil vere den beste løysinga for å få til ei best mogeleg og heilskapeleg leiing. Sjå vedlegg 1 punkt 7.1

Sentrale spørsmål vert her om etablering av ein ny felles administrasjon vil vera eit naudsynt organisatorisk grep for å få til eit betre resultat når det gjeld samordning av

- økonomiske ressursar
- bygningsmessige ressursar
- personal- og faglege ressursar
- større grad av samhandling og felles kultur på dei to skulane
- ei felles pedagogisk plattform frå 1. – 10. klasse


Drøfting – vurdering – tiltak

Leiarskap ved skulane i dag

| Funksjon | Barneskulen | Ungdomsskulen |
|-----------|--------------|------------------|
| Rektor | 100 % | 78,5% |
| Inspektør | 50% | |
| Sekretær | 50% | 50% |
| Lagleiar | 2 t/v | 1,5 t/v |
| Sum | 200% + 2 t/v | 128,5% + 1,5 t/v |


Ved rådmannskontoret er det oppretta 60% stilling som pedagogisk konsulent. Denne stillinga er kombinert med 40% stilling som folkehelsekoordinator. I praksis legg stillinga for pedagogisk konsulent beslag på meir enn 60% stilling – nærmare 80%. Andelen av denne stillinga som går til skuleretta arbeid varierer, men utgjør truleg i snitt ca. 40% stilling.


Gjeldande organisering:




Følgjande 2 alternativ er ei bearbeidd utgåve av det dei 2 alternativa som lag føre i RO-rapporten:

Alternativ 1:





Alternativ 2:



Kort omtale av modellane:

Ved noverande organisering har rektorane som tenesteleiarar både det faglege og administrative ansvaret for kvar sin skule. Ansvaret for samordning av skulane ligg først og fremst i rådmannmann sin stab og gjennom dei samarbeidsfora som er etablert mellom skulane og sentraladministrasjonen. Administrasjonen har regelmessige møte med skuleleiinga som ideelt sett vert gjennomførde ein gong i månaden. I rektor- og styrarmøta er ein delte, medan i sektormøta er både barnehagane, skulane og kulturskulen tilstades.

Modell 1 liknar på mange måtar den gamle organiseringa med ein skulesjef. Den skil mellom funksjonane som tenesteleiar og rektor, og bryt på mange måtar med den måten kommunen elles er organisert på med tenesteleiarar ute på driftseiningane med eit samla ansvar både for fag og administrasjon. Oppgåvefordeling mellom dei 3 ulike nivåa, rektor, tenesteleiar og pedagogisk konsulent i rådmann sin stab, må sjåast nærare på.

Modell 2 er ei organisering som knyter dei 2 skulane tettare saman, og ein opprettar her ikkje eit nytt administrativt ledd mellom skulane og rådmann. Organiseringa og arbeidsfordeling mellom tenesteleiar/rektor og rektor ved den andre skulen må sjåast nærare på. RO tilrådde i sin rapport ein modell som likna på dette alternativet. Rektorane understrekar at det i ein framtidig modell må vera ein dagleg leiar på kvar skule.

Samarbeid og samhandling er ikkje noko ein vedtek, heller ikkje noko ein kan organisere seg til. Det må vekse fram ut frå vilje til samarbeid og ut frå behov. Slik sett vert kultur for samarbeid og ein samordna pedagogisk plattform er vel så viktig som måten ein er organisert på.

Det kan i denne samanhengen vere greitt å sjå på ein parallell når det gjeld barnehagane, som er gjennomført utan organisatoriske endringar. På bakgrunn av innsparingskrav etter budsjettvedtaket i desember 2009, sette kommunen i gang ein liknande prosess i barnehagane. Mellom anna ville ein sjå på mulighetene for å få til felles leing i dei 2 kommunale barnehagane. I løpet av prosessen kom dei to styrarane fram til at i staden for ein styrar og ein dagleg leiar ynskte dei å prøve ut ei felles leing med to jamstelte leiarar. Barnehagen har i mange år hatt eitt felles samarbeidsutval der sekretariatet går på omgang. Dei har utvikla ein modell med felles foreldremøte på tema som går på innhald i barnehagen og tilsvarende med personalmøte. Nokre gonger gjeld dette og den private. Alle barnehagane har felles satsingsområde og felles mal for årsplanar. Styrarane for dei kommunale barnehagane har frå hausten 2010 hatt felles administrasjonstid på Tinghuset frå klokka 13.00 kvar måndag. Her vert den private kopla på dersom det er felles saker. Administrasjonen vert henta inn der det er behov. Etter adminstrasjonen sitt syn har barnehagane langt på veg lukkast med ei felles kulturbygging der ein ser barnehagen i Leikanger som ei eining, og langt på veg eit felles ansvarsområde.

Arbeidsgruppa sin konklusjon:

Arbeidsgruppa sin konklusjon er at ein ventar med dette spørsmålet til ein har fått på plass ei skulepolitisk plattform med klare visjonar og standardar og starta arbeidet med lagbygging der leiarar og tillitsvalde vil vere nøkkelpersonar. Ut frå det resultatet ein får fram vil ein sjå kva for organisering som er mest tenleg for organisasjonen samla

4.6 Oppgåvefordeling mellom skulane og sentraladministrasjonen

Dette punktet er i liten grad drøfta i arbeidsgruppa. Punktet må sjåast i samanheng med val av organisasjonsmodell.

Ro-rapporten konkluderer med at arbeidsoppgåver som treng høg grad av spesialisering og vert utførde sjeldan, bør utførast på Tinghuset.

Skulane har og nemnt at meir av arbeidet kring tilsetjing bør utførast sentralt.

Dokumentliste:

1. RO-rapporten april 2010
2. Sak F118/10 - Oppnemning av arbeidsgruppe
3. Møtereferat: 14.12.2010, 11.01.2011, 28.01.2011, 16.02.2011 og 01.03.2011
4. Elevtal i skulane i Leikanger frå 2011 og framover
5. Budsjettprosessen – modell for fordeling av ressursar mellom skulane
6. Oversyn over ressursar på kommunenivå i Indre Sogn
7. Organisasjonskart Leikanger kommune
8. Førabels utkast til romplan ved barneskulen i 6 år framover
9. Romsituasjonen ved ungdomsskolen framover
10. Momentliste for godt læringsmiljø
11. Strategisk plan for oppvekstsektoren i Bremanger kommune 201 – 2020
12. Strategisk plan for utvikling av grunnskolen i Sogndal kommune 2010 – 2013
13. Skulepolitisk dokument for grunnskolen i Selje kommune
14. Skulepolitisk plattform for Åmot kommune

Bakgrunnsstoff

1. Notat om erfaringar frå andre kommunar der 7. årssteg er saman med ungdomsskolen